

litt om serien

# Nest best

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigene var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som eigentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjenvante varen er gratis tilgjengeleg for alle?

litt om tema

I alle relasjonar mellom menneske finst eit eller anna maktforhold. Med ei gong vi er fleire enn ein person har nokon meir og nokon mindre makt i ein eller anna grad og form. Slik var det mellom dei første lærersveinane, slik er det for oss på jobb, i vennekretsar, i familien og elles i samfunnet.

Men korleis handterer vi den makta vi har? Er det den sterkeste sin rett som rår, alle sin kamp mot alle? Skal vi olboge oss fram til dei heiders-plassane vi strengt tatt synst vi fortener?

Jesus viser oss ein måte å handtere makt på som overraska lærersveinane hans, som overraska motstandarane hans, og som framleis overraskar oss når vi kjem i kontakt med han. Vi har mykje å lære og mykje å tene på å etterlikne Jesus. Men uansett kor langt vi kjem i denne etterlikninga er det slik for oss menneske at maktakorrumperer oss, og vi dyrkar ho som ein avgud.

Gud er den einaste som trygt kan handtere maktak og æra i all eve.

# KVASSE OLBOGAR OG HEIDERSPLASSAR

Les teksta  
Matt. 20, 17-28



Bibel

-vegleiande spørsmål:

- Kva trur du var motivasjonen til Sebedeus si kone (mor til dei to lærersveinane)?
- Kvifor blei dei andre ti lærersveinane sinte?
- Jesus seier til dei to Sebedeus-sønnene (Jakob og Johannes) at dei ikke veit kva dei ber om. Kva er det "begeret" han skal drikke?



Fellesskap

-den ærlege samtalen

- Har de døme frå historia, filmar, bøker e.l. på folk som de tenkjer ikkje hadde godt av å ha makt?
- Har de døme på ein person eller karakter som praktiserte tenande leiarskap?
- I kva samanhengar har du makt over andre? Korleis utøver du denne?

- gjennom deg og vidare



Misjon

Kva verknad kunne det ha på ikkje-truande om kristne var kjende for å handtere makt slik Jesus beskriv i denne teksta?



Raushet

- takksam deling

Ser de som enkeltpersonar eller som fellesskap måtar de kan begynne med å praktisere Jesus sin versjon av å vere stor? Er det nokon i familien, på skulen, på jobben eller i bygda som du kan tene i staden for å "herske" over?

- takk, bøn og forbøn



Bøn

- Be om at de må få sjå korleis dykkar utøving av makt verkar inn på dei rundt dykk.
- Be om å få visdom til å vere tenande i staden for herskande mot dei de har makt over.
- Be om at Gud må røre ved hjarta til alle som brukar mакта si til å undertrykkje andre.
- Del bønneemne og be gjerne for kvarandre eller for andre personar.



"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle fordervar når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
Den store skilsmissa (1944)

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalane, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva høyrdé eg?

Kva gjér eg med det?

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode